



Møtereferat

Organisasjon:	SIMAS IKS
Møtenummer:	5-2021
Dato:	01.10.2021
Tidspunkt:	09.30 – 12.00
Stad:	Festingdalen, Sogndal kommune
Type handsaming:	Styremøte

Til stades:

Jøril Hovland (styreleiar)
Petter Sortland
Birgit Lervik
Marianne Ovrid
Ståle Øvstetun (på Teams)
Geir Ove Bøthun
Åge Skrede

Frå administrasjon:

Hallvard Thomassen, Aud Jane Beheim, Dagny Ugulsvik Alvik, Geir Øygaard

Forfall

Lene Wågsbø Wiese, Arnstein Menes

G 09/21 Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vart godkjent

G 10/21 Godkjenning av referat frå styremøtet 31.08/01.09.21

Referat frå styremøtet 31.08/01.09.21 vart godkjent og signert.

Orienteringssaker

O 16/21 Rekneskap pr juni 2021

Rekneskapsrapport pr. 31.08.2021 viser omsetning og driftsresultat over budsjett.

Samrøystes vedtak:

Styret tek rekneskapsrapporten pr august til vitande

Drøftingssaker

D 19/21 Prinsipp for leige av nye areal til miljøstasjonane

Det har i fleire år vore arbeida med nye miljøstasjonar, alternativt endringar, knytt til eksisterande miljøstasjonar. I fleire av tilfella har det vore SIMAS som har ønskt ny lokalisering, mens det i andre tilfelle har vore eit ønskje i frå eigarkommunen.



Arealleiga vil i stor grad verta belasta hushaldningsgebyret då hovudaktiviteten er knytt til sjølvkostområdet. Det er behov for å avklara prinsippet for leige av areal og kven som er ansvarleg for å jobbe fram evt nye areal. Ein bør også vurdere om ein skal sjå på konseptet med tradisjonelle miljøstasjonar i alle kommunane.

Konklusjon:

Direktør tek kontakt med Luster kommune for å sonde prinsippet om leige av areal til miljøstasjonane. Styret formidlar at det er viktig å halde fram med prinsippet om at kostnadane blir fordelt likt mellom kommunane. Ein må vurdere om kommunane skal stille areal gratis til disposisjon til SIMAS til miljøstasjonar.

D 20/21

Felles styremøte med andre IKS-selskap

Tettar samarbeid og eventuelt arbeidsdeling mellom avfallselskap kan verta naudsynt for å løyse behov, krav og forventningar frå ulike myndigheiter samt få effektiv drift. For SIMAS er det fleire vurderingar som må gjennomførast. SIMAS har i fleire år arbeida med ulike utviklingsprosjekt, i tillegg har ein anlegg som kan nyttast til handsaming av større volum.

Konklusjon:

SIMAS er positive til nærare dialog om samarbeid med dei andre avfallsselskapa i Sogn og Fjordane og vil delta på eit felles styremøte 29.11.2021. Etter felles styremøte vert det gjennomført eit arbeidsmøte for styret i SIMAS 30.11.2021, der ein drøftar ulike sider ved eit slikt samarbeid.

Vedtaksaker

V 7/21

Endring av selskapsavtalen til SIMAS IKS

Utkastet til endra selskapsavtale har vore på høyring til eigarkommunane. Det er kommen høyringssvar frå;

- Luster kommune.
- Sogndal kommune.
- Vik kommune.
- Munnleg tilbakemelding frå Aurland kommune om

Det er ikkje kommen innspel til høyringsnotatet krev endringar. Luster kommune hadde språklege merknader som er retta opp i selskapsavtalen.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret rår representantskapet til å vedta ny selskapsavtale og sende den til endeleg vedtak i eigarkommunane gjeldande frå 01.01.2022.

V 8/21

Strategiplan Avfall 2025

Styret hadde eige arbeidsmøte på Teams den 16.04.21 som danna grunnlaget for strategiplanpresentasjonen som er nytta i møta med eigarkommunane. Det har vore møte i alle eigarkommunane utanom Årdal kommune. Det er ikkje



simas

For eit reint og miljøvenleg Sogn

kommen innspel i møta med eigarkommunane som medfører endring av dei overordna målsetningane i strategiplan.

Vedtak (samrøystes):

1. Fyller inn «eventuelt» i pkt 2 i strategiske tiltak
2. Styret vedtek strategiplan «Avfall 2025».
3. Styret rår representantskapet til å vedta strategiplan «Avfall 2025»
4. I samband med utarbeiding av økonomi-og investeringsplanar skal strategiplan leggest til grunn for dei årlege handlingsplanane

V09

Budsjett og handlingsplan 2002, økonomi- og investeringsplan 2022-2025

Bakgrunn og detaljar er sett opp i økonomi- og investeringsplan «Berekraftig framtid i Sogn med resirkulerte råvarer». Denne dannar grunnlag for budsjett og handlingsplanar.

Vedtak (samrøystes):


1. Styret vedtek å halde gebyrmodellen for fritidsrenovasjon uendra i påvent av utfyllande informasjon og dokumentasjon
2. Styret rår representantskapet til å gjere følgjande vedtak;
 - Driftsbudsjettet for år 2022 vert vedteke.
 - Investeringsbudsjettet for 2022 vert vedteke.
 - Økonomi-og investeringsplan 2022-2025 vert vedteken

Oppfølgingssaker


Oppfølging mottak av slag. Det er dialog med leverandøren for å sikre at kravet ikkje vert forelda.


Festingdalen 01.10.2021



Jøril Hovland
styreleiar


Petter Sortland
nestleiar

Lene W. Wiese
styremedlem


Marianne Ovrud
styremedlem


Ståle Øvstetun
styremedlem


Geir Ove Bøthun
styremedlem


Birgit Lervik
styremedlem


Åge Skrede
varamedlem